



West Stream i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag ettermiddag kom det uventa besøk på Stølavikjo. Ein velvaksen båt som vi ikkje har sett i Uskedalen før la seg til utanfor båthamna og vart liggjande der til utpå natta då han gjekk vidare.

Kva skulle han så her?

31 år gamle West Stream tilhøyrrer Vestland Marine, er 80 meter lang og er på 3.193 DWT. Båten som er ein kjemikalietankar siglar under Bahamas-flagg, men reiarlaget har hovudkontoret sitt i Gdynia i Polen og avdelingskontor i Haugesund.

At han fekk ein stopp i Uskedalen var slett ikkje planlagt, men ein rein tilfeldigheit. uskedalen.no får opplyst frå hovudkontoret i Polen at stansen i Uskedalen skuldast at båten fekk ombord ein serviceingeniør. Så snart han hadde gjort jobben sin kunne turen gå vidare, mot lasting i Sønderborg i Danmark. Og den stoppen er planlagt....

Som ein rein kuriositet kan vi leggja til at West Stream gjekk på grunn i Haugesund-området (Vibrandsøy) i oktober 2007. Men det gjekk bra. Båten gjekk vidare for eigen maskin då den var dregen av skjæret.

Av Ola Matti Mathisen